Statens vegvesen

NILS KRISTIAN BERGE
HARDANGERFJORDVEGEN 440
5610 ØYSTESE

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/telefon: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
| --- | --- | --- | --- | --- |
| Region vest | Tone Bøyum / 55516792 | 17/19728-4 | 17/1197 - 17/32845 | 18.12.2017 |

# Løyve - Utvida bruk - Avkøyrsle - Fv. 404 - Gnr. 147 bnr. 50 - Sellevoll - Lindås kommune

Vi viser til søknad av 09.01.2017. Vi viser og til vår uttale datert 06.04.2017 og Lindås kommune sitt rammeløyve 20.11.2017. Vi var på synfaring og kontrollerte avkøyrsla 05.12.2017.

### Vedtak

Med heimel i veglova § 40 og §43 gir vi løyve til utvida bruk av avkøyrsle frå Fv. 404 til eigedom gnr. 147 bnr. 50 i Lindås kommune.

### Vilkår for løyvet

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964* og *forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982.*

1. Avkøyrsla skal plasserast i tråd med situasjonsplan, datert 20.12.2016. I tillegg skal utforming av avkøyrsla følgje krava i *Prinsippskisse,* som ligg ved.

2. Løyvet gjeld einebustad med ei bueining.

3. Av omsyn til trafikktryggleiken og vegvedlikehaldet må det ikkje samle seg vatn i avkøyrsla eller renne vatn ut i fylkesvegen. Etter avtale på synfaring 05.12.2017 skal fallet i avkøyrsla tilpassast ved asfaltering av avkøyrsle og tilkomstveg, slik at vatn vert drenert til grøft. **Dette skal utførast før bustaden vert tatt i bruk.**

4. Dersom det ikkje er snuplass der frå før, må det etablerast ein snuplass inne på eigedommen, slik at det ikkje blir nødvendig å rygge ut på offentleg veg.

5. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til riks-/fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrsel, frisiktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.

Eigaren eller brukaren av avkøyrselen har sjølv ansvaret for at *Krav til utforming av avkøyrsle* til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til frisikt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Statens vegvesen trekkje tilbake løyvet.

**Rett til å klage**

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «klage på forvaltningsvedtak». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest PB. 43, 6861 Leikanger, som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
overingeniør

Tone Bøyum
overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ

**Vedlegg**

Veglova § 40 og §43
Situasjonsplan
Prinsippskisse

| Prosjektnr. | Revisjon nr. |
|---|---|
| **2016173** | **#** |

Type tegning
**Situasjonsplan avkjørsel**




1:500 Situasjonsplan avkjørsel

WI12636201 Basiskart som vektordata
Nedlastingsdato: 16.08.2016

Fase
**søknadstegninger**


ARKOCONSULT AS, Postboks 103, 5291 Valestrandsfossen
Tel.: 56390003 - Fax.: 56191130 - Mob.: 93241511
Mail: post@arkoconsult.no - Org.nr. 997 089 782 MVA


Tiltakshaver
# Nils Kristian Berge

Sign. KFJ
Dato 20.12.16

Prosjekt
**Ny enebolig**

**gnr/ bnr 147/50**
**Lindås**

Kontroll PKT
Dato 20.12.16

Målestokk **1:500**

Tegningsnr.: **74316173A10-2**

Format A3

Type tegning:
**Situasjonsplan avkjørsel**

| BRA TOTALT (innv.) | BYA |
|---|---|
| 243,9 m2 | 315,7 m2 |


I HENHOLD TIL LOVVERK ER DENNE TEGNINGEN ARKOCONSULT AS SIN EIENDOM. DENNE TEGNINGEN KAN IKKE BLI BRUKT, OFFENTLIGGJORT ELLER GIS VIDERE TIL TREDJEPART UTEN VÅRT SKRIFTLIGE SAMTYKKE. OVERTREDELSE AV DETTE KAN FØRE TIL SØKSMÅL. OBS! TEGNINGEN KAN PRINTES I FEIL SKALA. IKKE TA MÅL DIREKTE PÅ TEGNING. BRUK KUN OPPGITTE MÅL.

# PRINSIPPSKISSE




Tilsvarande siktlengder som vist på tegningen må også gjerast gjeldande for trafikken som kjem på hovedvegen og skal inn i avkjørsla (sikt bakover og framover langs hovedvegen)

Av hensyn til snø og vegetasjon skal det i frisiktsonen vera fritt for sikthinder høgare enn 0,5 m. over hovedvegens nivå

## Krav til svingradius for avkjørsla :




## Krav til lengdeprofil for avkjørsla/tilkomstveg:




**Stad: FV 404, gnr. 147 bnr. 50 – Lindås Saksnr: 17/19728**